



Signe Karin Koløy og Ebba Hermann-Fossli framførte tre nummer på sine messinginstrument.

På det som er Sundag før Pinse i kyrkjeåret samlast kyrkjelydane frå mange sokner til fellesgudsteneste i Uskedal kyrkje. Med prest, klokkar, kantor, messingblåsarar og kyrkjekor vart det alle måtar ei innhaldsrik gurdteneste. Nytt og prøvd for fyrste gong var piknik i Strandstovo til Uskedal Båtlag. Båtlagshuset eignar seg godt til denne forma for samling der mange hadde med niste og drikke.

Ebba Hermann-Fossli og Signe Karin Koløy framførte tre nummer på messinginstrumenta sine, med tonefylgje av Eva Megyesi og Dmitrii Kuzmin, lærar i Kvinnherad kulturskule. Kyrkjekoret Nordsaang var med i gudstenesta, også som god støtte i innøvinga av salmen Atterløysar, guddomstrott, ein ny salme for mange.

Preiketeksten var henta frå Johannes kap 14, frå vera 12, om Sanningsanden, orda om og frå Jesus og møte med Gud, ikkje som belønning, men for dei som treng det. Anden styrkjer oss. Verktøyet er at Jesusforteljingane vert delte.



I orienteringa om kyrkja vart det fortald om tida før restaureringa i 1965, mellom anna om det særmerkte kuppeltårnet med spir.

Med frammøte frå fleire sokner i dag var det lagt inn informasjon om Uskedal kyrkje, bakgrunnen, bygginga, vigslinga i desember 1914, restaureringa i 1965 og kyrkjelivet i Uskedalen i over 100 år. Det vart mellom anna synt til det særmerkte tårnet med halvkuleforma kuppel og spir. Få kyrkjer i Noreg hadde dette tårnet.

Soknerådet takkar Uskedal Båtlag for lånet av Strandstovo, eit romsleg bygg med store portar i fronten. Her er bord, benker, vatn, straum og kjøleskåp, alt som skal til for å samlast inne og ute i eit maritimt miljø.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mange stoppa att etter gudstenesta og var med på piknik i Uskedal Båtlag si strandstove.